



Fire av dei sju som utgjer Nedre Haugland Vassverk framfor reinsestasjonen som blir kopla inn om nokre dagar: Arne Terje Haugland, Thomas F. Eide, Arne Johannes Haugland og Håvard Lunde. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nedre Haugland Vassverk, som dekkjer sju husstader, fekk ei lite hyggeleg melding i november i fjor: Det var funne ei begrensa mengd ecoli-bakteriar i ei vassprøve. Dei sju parthavarane beslutta med ein gong at noko måtte gjerast og no er dei sikra garantert reint vatn med betre trykk – for ein investering på vel 100.000 kroner.

Dette private vassverket vart danna omkring 1950. Hausten 1976 vart det lagt ny, 75 millimeters hovudledning på den 300 meter lange strekinga frå inntaket ved Skredapalsbekken i Hauglandslia og opp til grensa mellom Arne Johannes Haugland og Thomas Eide. Derifrå er det forgreiningar til husstandane på Nedre Haugland. No er hovudledningen forlenga med 120 meter opp til eit nytt inntaksbasseng og nye 30 høgdemeter har stor innverknad på trykket. Det einaste aberet er at det må kjøpast inn nye varmtvatnbeholdarar.

Men det stoppar ikkje der: Vassverket får no i tillegg ein reinsestasjon, som det ikkje har hatt tidlegare. Bak løa til Arne Johannes har dei bygd eit lite hus og der vil det om få dagar bli montert eit fin-filter som fjernar partiklar og eit UV-filter som tek knekken på bakteriar. Det manglar berre nokre små-delar så er alt klart for installasjon.

Det som førte til at bakteriane vart avslørt var noko som eigentleg ikkje hadde noko med vassverket å gjera: Arne Johannes, som driv gardsbruk, sendte slik Mattilsynet krev inn den årlege vassprøva. Tidlegare har det aldri vore avdekkja nokon forekomst av "skumle" bakteriar i prøvene hans, men denne gongen var det for mykje bakteriar enn det som kan akseptrast i samband med reinhald i mjølkerom. Og det måtte sjølvstg også få konsekvensar for heile vassforsyninga på Nedre Haugland. Kor bakteriane kom ifrå, er det ingen som veit.

Dei investeringane som no er gjort må parthavarane ta på si eiga kappe. Eit spørsmål til kommunen om tilskott til satsinga gav eit heilt negativt svar. Utgiftene blir delt på ni partar, for dei to gardbrukarane i grenda har to partar kvar.

Dei sju som er med i Nedre Haugland Vassverk er Arne Terje Haugland, Pål Haugland, Thomas F. Eide, Arne Johannes Haugland, Wigdis Marie Monsen, Kåre Vetthus og Håvard Lunde.

Men parthavarane fortvilar ikkje over den økonomiske stoda, for dei har hatt så godt som gratis vatn sidan 1976. Og driftsutgiftene blir framleis svært låge – no for eit vatn som er garantert reint!

Av Ola Matti Mathisen